

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Åsmund Hoslemo <bygdeservice@istorm.no>

Sendt: tirsdag 7. april 2026 12:41

Til: Haugå, Signe Sollien <signe.sollien.hauga@bykle.kommune.no>

Emne: Innspel løypeplan på 14/7

Me vil oppretthalde vårt tildlegare innspel om veg til Heitjønn.

Ferdavegen frå Henriksentunet til Byklestøylane var nok grei å ha i tidlegare tider. Den ligg i bakkant av alle våre jorder, og er nå bare til heft for utviding av landbruksdrifta. Me ønsker denne vegen frigjeven/fjerna på våre eigedomar.

Det er no lagt opp til turveg på langs riksveg 9, og det kan ikkje vere nødvendig å ha ein ferdaveg som skal gå i ein kraftlinjetrasé nokre få meter frå riksvegen i tillegg.

Punkta over gjeld på vår eigendom.

Utover dette registrerer me at det tydelegvis er mykje spennande å sjå på i øvre delar av bygda, då det er lagt opp til løyper gjennom både byggefelt og via fylkesvegen. Vi har vel meir spanande ting og syne fram i Bykle enn om det er nokon som solar seg på ein veranda eller at det mot formodning skulle ver folk på jobb på rådhuset?

Mvh

Karen S Rysstad og Åsmund Hoslemo

Sendt fra min iPhone

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Fra: "Bakken, Sten Terje" <sten.terje.bakken@bykle.kommune.no>
Dato: 8. april 2026 kl. 13:39:06 CEST
Til: stbakken@hotmail.com
Emne: Vs: Innspel sti og løypeplan

Fra: Bakken, Sten Terje
Sendt: onsdag 8. april 2026 10:06
Til: stbakken@hotmail.com <stbakken@hotmail.com>
Emne: Innspel sti og løypeplan

Nr 27. Denne bør fjernast ifrå sti og løypeplan. Løypa kryssar regulert vatn 2 gonger og gjeng rett inn i verneområdet. Skjønnar ikkje korleis denne løypa har kåme igjennom grovsilinga og er med i vidare i planarbeidet..?

Nr 80. Denne må fjernast ifrå sti og løypeplanen. Grunneigerane i Ørnefjell vil ikkje ha denne brua fordi me vil ikkje ha meir trafikk på vestheia pga vern for villrein. Me har og med i løypeavtalen (PS 32/24) for tverrfjellvegen att denne opphøyrer vist skibrua blir bygd. Det er og tull og bruke kommunale pengar på og bygge ei skibru til så få krysningar som det er der. Så er det betre og bygge parkeringar som gjev greiare tilgang til løypene. Føler nesten att dette er einaste måten og protestere mot politikere som presser igjennom løyper og kulvertar. Slik som dei gjorde med kulverten på Nordli, det var ikkje greit. Der heve du politikere som rett og slett lyg i avisa og brukar alle middlar for og få saken opp att. Føler og att dess meir infrastruktur som blir bygd dess meir blir bruken og framkomligheten på garden låst. Ørnefjellmoen blir eit området eg ikkje fær brukt halve året, så og bygge ny driftsbygging der blir vanskelegt.

Nr 72. Ålmannavegen Ørnefjell-Hartevatn. Denne bør fjernast, stien ligg der men er ikkje interessert i att det blir lagt til rette for meir trafikk. Stien startar ved garden og det fører til stor trafikk igjennom tunet og bilar som parkerar ivi alt. Folk stenger ikkje grindar etter seg og dei

klattrar over gjerdet. Dette er og beiteområdet for sau så ønskar ikkje auka trafikk av folk og spesielt ikkje hundar.

Toppturar. Marknadsføring av toppturar skal avklarast med grunneigar! Eg føler det er både frekt og dårleg gjort og reklamere med turar og liknandes på annan manns grunn utan og høyre med grunneigaren fyst. Det blir eit voldsomt problem med parkering og mykje trafikk året rundt. Mange av dessa toppturane ligg tett inntill villreinområdet og i randsonene!

Grunneigerar bør kontaktast mykje tidlegare i planarbeidet. Eg veit kommunen ikkje treng det men det handlar om vanleg folkeskikk og eg trur mange grunneigerar kan bli meir medgjørlege istaenfor og få ein plan slengt i fanget som det alt er brukt tid og pengar på som dei føler dei nesten berre må sei ja til.

Mange eldre har ikkje data og fær kanskje ikje med seg planane før rett før dei skal vedtas.

Dårleg att kommunen nesten oppfordrar folk/hyttefolk til og kåma med forslag til sti og løyper. Det blir aldri nok eller gode nokk løyper. Dette kan kommunen takke seg sjølv for med ein feilslått utbyggingspolitikk der dei heller satsa på hytteutbygging istanfor hotellgjester på 90-tallet. Dei som har hytter vil stadigt ha nye stiar/løyper og gjeng fort lei av tilbuda i Bykle. Med fleir hotellgjester hadde ikkje dette vore noko problem. Ikkje mykje og gjera med dette no og det hjelper ikkje og vera etterpåklok men av og til er det ein mager (og kanskje den einaste) trøsten og sei kva var det me sa når ein blir standandes på den tapandes sida av ein dårleg utbyggingspolitikk. Det er heller ikkje moro og halde friareal for andre utbyggerar som bygger og raserar eigendomane sine og ikkje ofrar natur, berekraft, neste generasjon og lokalmiljøet ein einaste tanke.

Parkering. Det bør heller leggst til rette poarkeringar rundt omkring slik att løypene blir tilgjengelege for alle og ikkje berre dei som har hytte rundt løypa. Dei fleste hyttefelt har og bommar slik att folk ikkje fær bruka løypene der.

Løypegodtgjersle. Bra att grunneigerane fær betalt for og ha løype på sin grunn men det er dumt att kommunen må bruke pengar på det. Dei grunneigerane som har solgt mest hytter i Bykle er og dei som fær mest pengar av kommunen. Dei har tent mest på salg av tomter også skal dei få mest av kommunen, dette er tull!

Finansiering av løyper. Det er greit att kommunen betaler for litt av løypene slik som ljosløyper på Hovden og Bykle. Resten bør betalast av brukerar og hyttefolk. Skjønner att dårlege og snofattige vintrar gjer det vanskelegt og få inn pengar men slik er det berre.

Sten Terje Bakken
Geir Ivar Bakken

Hei Svanhild – Takk for konkrete innspel og tydelege grunngevingar.
Eg sender det vidare til Sonja som driv fram arbeidet med sti- og løypeplan – så kjem vi tilbake med eit revidert grunnlag, utan at eg kan love at alt blir imøtekome her og no.

Mvh Signe

Fra: Svanhild Breive <svanhild.breive@uia.no>

Sendt: onsdag 8. april 2026 13:50

Til: Haugå, Signe Sollien <signe.sollien.hauga@bykle.kommune.no>

Emne: Innspel til sti- og løypeplan

Hei Signe,

Her kjem innspel til sti- og løypeplanen i kommunen – frå grunneigarane i Breive.

Håpar du er rett person til å ta imot.

MVH

Svanhild

Innspel til Sti- og løypeplan Bykle kommune

98 Tur- og sykkelløype rundt Hartevatn.

Grunneigarane i Breive står samla og ynskjer ikkje at det skal kome tur- og sykkelveg rundt Hartevatn. Me ser på Breive (inkludert Vesterdal) som ei buffersone mot Vest-heia. Ein tur- og sykkelsti rundt Hartevatn vil kanalisere folk inn i eit område som foreløpig er ganske urørt av menneskeleg ferdsel. Grunneigarane i Breive har halde tilbake på hyttebygging nettopp fordi me ser det som uheldig at fleire folk får betre tilgang til Vest-heia. Då verkar det urimeleg at det skal leggest ein tur- og sykkelsti inn i området som me prøvar å beskytte.

Den planlagde tur- og sykkelstien er berre eit steinkast unna områder der villreinen trivast. Både på Enden og inne ved Tjønnnuten blir det jakta (og skote) reinsdyr kvart år. I tillegg så møter me stadig bukkeklatrer på Storenut. Alle desse områda er eit steinkast unna den planlagde tur- og sykkelstien, og det vil vere uheldig å gje folk lett tilgang til dette området (noko dei får dersom det vert tilrettelagt for tur- og sykkelsti). Det er mykje finare å gå innover Vesterdal enn på baksida av Hartevatn, så me trur dei fleste (iallfall mange) vil sette frå seg syklane ved Rautetjønn og gå innover Vesterdal, i staden for å sykle eller gå heilt rundt Hartevatn.

2 Ski/sykel-løype i dalen mellom Hovdenutskaret og skitrekket til Hovdenut. Inkl. skileik-løyper.

Dette rører for så vidt ikkje ved villreinen sitt leveområde (som me er veldig opptekne av), men det rører ved eit område som grunneigarane i Breive har beiterett i. Området vart ekspropriert frå to av gardane i Breive, og det einaste gardane fekk behalde var beiteretten. Ei tilrettelagt ski/sykel-løype i Breiveskaret er ikkje foreinleg med å bruke området som beite. Området er allereie forringa som beite på grunn av ski-traseane, så det som er att må få stå ørørt.

10 Lundaneløype

Dersom ein vil ta vare på villreinen og restaurere trekkvegen over Vidmyr mellom Aust og Vest bør ein vurdere å legge ned Lundane-løypa. Her går løypene på kryss og tvers og er for augneblinken umogleg for Villreinen å passere.

Lundane løypa går i tillegg over dyrka mark, der ein prøver å drive økologisk. Det er uheldig at løypa gjeng over dyrka mark, både med tanke på grasbrann, men også med tanke på skismørjing i jordsmonnet

12 Sommarløype gjennom skaret

Fint at dette ikkje går vidare!

28 Galten Lislefjød (skiløype)

Frå grunneigarane i Breive sitt perspektiv så er det ikkje ønskeleg med fleire løyper i området – verken sommar eller vinter. Området ligg i Villreinområdet. I tillegg jaktar grunneigarane i Breive elg i området gjennom heile hausten, og det opplevast som uttrykt at det blir lagt til rette for meir ferdsel i området.

33 Galten Nordre

Det er ikkje ønskeleg med fleire løyper enn det som finst i dag. Per i dag kan folk nytte vegen opp til Galten – det får halde.

92 Lislefjød (Hovden Tour løypa) (skiløype)

Frå grunneigarane i Breive sitt perspektiv så er det ikkje ønskeleg med fleire løyper i området – verken sommar eller vinter.

93 Vidmyr – langs Lislevatn under Veggine og tilbake

Denne løypa vil forringe trekkvegen til Villreinen mellom Aust og Vest, over Vidmyr, ytterlegare!! Svært uheldig dersom ein ynskjer å behalde trekkvegen.

88 Dagens høgfjellstilbud – Auersvatn, Sloaros, Galteflotti, Enden

Det er forståeleg at hyttefolket ynskjer skiløyper, men det er ikkje ein menneskerett å ha hytte på fjellet, og det er heller ikkje ein menneskerett å ha skiløyper å gå i. Det er på tide å leggje andre verdiar til grunn for arealplanlegging framover, og på tide at Villreinen sine behov vert høyrte!!!

80 Bete skilting og merking

Det er gledeleg dersom det vert sett meir fokus på skilting og merking. Me ser ei dramatisk auke i fotturistar og ikkje minst sykkelistar innover heia om sommaren, som også kjem ned lia i Breive og gjennom innmark. Folk bør oppfordrast til å sykle i traseen i skisenteret og ikkje sykle innover heia.

Generelt:

Generelt ynskjer ikkje grunneigarane i Breive fleire løyper i høgfjellet og i randsonene til Villreinen - verken sommar eller vinter. Det er positivt at det planleggast fleire løyper sentralt gjennom hyttefelta og i sentrum!

Me registrerer at enkelte grunneigarar ynskjer økonomisk kompensasjon for å halde turområder, når dei ikkje kan bygge hytter sjølv. Det er jo for så vidt fint, men for grunneigarane i Breive sin del så er økonomisk kompensasjon ikkje det viktigaste. Det viktigaste er å ta vare på naturen som er att, samt verne om beiteretten og Villreinområda.

Kommentar til revidering av sti og løypeplan

Grunnlag og utdrag frå referat/møter:

Målet med planarbeidet er å sikre eit framtidssretta og godt tilbod for friluftsliv, med omsyn til naturmangfald, lokal verdiskaping og brukarbehov. Planen skal bidra til betre samhandling mellom aktørar og avklare roller og ansvar.

Det blir lagt opp til brei medverknad frå innbyggjarar, grunneigarar, frivillige, næringsliv og offentlege instansar.

Ordførar: Kommunen ønskjer helst ikkje ekspropriasjon, men heller å kome til einigheit gjennom frivillige avtaler.

Plansjef:

Auke fokuset på folkehelse framfor villrein. Legge til rette for at det skal bli attraktivt å bruke naturen. Samle løyper på stader der ein ønskjer ferdsel. Ønsker kanalisering av ferdsel og ser det positive i tilrettelegging for ferdsel med omsyn til bulyst, tilflytting og folkehelse.

Samanbinding til Ørnefjell, og kulverten under rv9 er veldig viktig.

Ordfører Hans Blattmann orienterte om kommunens arbeid knyttet til villreinhensyn, skiløyper og planarbeid:

Ønsker å forbedre løyper i lavlandet, kanalisere ferdsel bort fra sårbare villreinområder, koble sammen løypenett på øst/vest-siden

Kommunen har vedtatt skikulvert under RV9 ved Nordli (øst for Ørnefjell), samt redusert preparering av løype rundt Auversvasseggi m.fl., og permanent stenging av løype mellom

Maurliflotti og Auversvatn7

Kommentarar frå grunneigarar:

Generelt er det nok taktisk lurt å ha tidleg og nær kontakt med grunneigarar i forbindelse med alle planar som omfattar arealbruk.

For vår del har me ikkje delteke i møter og tidlegare arbeid, då alt har kome digitalt til aldrande og på den tid ein svært sjuk grunneigar. Dei fleste eldre har utfordringar med å få med seg informasjon og fristar som kjem digitalt.

Pkt 27. Denne bør ikkje vera med i sti og løypeplan. Ser det som usikkert og urealistisk å ha ei løype som kryssar regulert vatn to gonger og fortset vidare inn i verneområdet. Er undrande på kvifor denne har kome gjennom grovsiling og fortsatt er med i vidare planarbeid.

Pkt 72. Ålmannavegen Ørnefjell-Hartevatn. Ålmannavegen ligg der, men det er ikkje ynskjeleg at det blir lagt til rette for meir bruk. Ålmannavegen startar i tunet på garden. Dette medfører til mykje trafikk gjennom tunet, bilar parkert over alt, folk som vil campe på jordet, nyttar hagemøblar som står ute, og ikkje minst søppel over alt. Mange har vanskeleg for å late att grindar etter seg, noko som er ei utfordring når ein har dyr på beite, andre klatrar og tråkkar ned gjerder. I beiteområder ynskjer ein ikkje auka mengde av folk og hundar. Båndtvang gjeld tydelegvis ikkje for alle....

Nr 80. Denne må fjernas frå sti og løypeplanen. Grunneigerane i Ørnefjell ynskjer ikkje denne brua då me ikkje vil ha meir trafikk på vestheia pga vern for villrein. Viser til ordførarens kommentar om viktighet av kulvert Rv9 for å kanalisere skiløyper vekk frå villreinområder på Austheia. Ved bygging av kulvert ynskjer ein altså å flytte trafikken over på Ørnefjell/Enden-området. Dette er også i eit område som er sårbart.

I flg løypeavtalen (PS 32/24) for Tverrfjellvegen, vil avtalen opphøyre dersom det blir bygd skibru over Otra.

Slik skiløypa til Tverrfjell ligg i dag, over Ørnefjellmoen, gjer at me ikkje kan brøyte/køyre til dette området i vinterhalvåret. Altså kan me ikkje nytte eigen eigedom halve året. Ved tanke om bygging av driftsbygning på Ørnefjellmoen, blir dette vanskeleg. Nok ei gong blir landbruk den tapande parten i turistområder. Kva med beitebruk, matproduksjon, matberedskap og sjølvforsyning ?

Det bør leggas til rette for gode parkeringsplassar (gjerne med p-avgift) i nærleik til løypene, slik at dei blir tilgjengelege for alle, ikkje berre hytteeigarar i området.

Marknadsføring av toppturar, utan å ha avklara dette med grunneigarar på førehand er direkte ufint. Det medfører store utfordringar for grunneigarar, med tanke på parkering, søppelhandtering, laushundar osv. Fleire av toppturane ligg også i nærleik til villreinområder/randsoner.

Det var tidlegare eit grunneigarlag som arbeidde for utjamning av fordelar/ulempar for dei som fekk bygge ut og dei som ikkje fekk bygge ut hytter, men som heldt friareal. Dette skulle også syte for at kostnader til infrastruktur som løyper o.l. skulle dekkast av eit fellesfond finansiert av dei som fekk bygge ut hytter.

Det er sjølv sagt at grunneigarar skal få betalt for areal til løyper/stiar.

Likevel meiner me at det er feil at Bykle Kommune sine skattepengar skal nyttas til å bera kostnadene på løyper o.l.

Dette bør utbyggerar og andre i turistnæringa koste.

Det er dessverre slik at fleire av dei store utbyggerane ikkje bur i kommunen, og dermed ikkje ser langsiktig på bruk av eigedom og areal, og heller ikkje tenkjer på berekraft, miljø og lokalmiljø.

Inger Elisabeth Bakken Haugarne

You don't often get email from elisabeth.haukabo@gmail.com. [Learn why this is important](#)

Her kjem kommentar til revidering av sti og løypeplan.

--

Med venleg helsing Elisabeth Haugarne



Tlf 977 53 515

Hei.

Innspill:

Bør ikkje ta med rundløype rundt Hartevatn da det vil mest sannsynligvis vil generere meir trafikk inn I sårbart villreinområde.

Bør se på muligheten for å bruke ulike/tråkke løyper i ulike tidsrom for at det ikkje skal bli så mykje konflikt mellom mennesker og turister.

Informere om hensyn til villrein ved diverse startpunkt og midt i løyper.
Informasjon gjør ofte folk ofte meir bevisste. Oppfordre folk til å holde seg i tråkka løyper.

Adaptiv løypeforvaltning har eg lite tru på. Kan være mengder av dyr i eit område uten at det er med gps-merka dyr. Må bruke informasjon fra SNO, løypekjørere og viltinteresserte om hvor dyra står.

Så tenker eg ein må generelt prøve å få løypene så nærme kantene mot Rv9 som mulig, men selvfølgelig viktig å fortsatt tilby høgfjellsløyper.

Vegard Vatnedalen